



HARDANGER KULTURRÅD

Innkalling til møte i Hardanger kulturråd
Tysdag 18.10.2022 kl 10.00-14.00
Møterom Hardangerrådet i Kinsarvik

Tildeling Regionalt kulturfond Hardanger 2022, gjort i Hardanger kulturråd 18.10.2022.

Tilstades: Bergljot Marie Veivåg, Eidfjord kommune; Mary Ann Sørheim, Kvam herad;
Anne Marit Lekve, Ulvik herad; Else Marie Sandal, Ullensvang kommune (digitalt)
Adm/Sekretariat: Trude L. Rinaldo og [Jostein Eitrheim](#)

Tilskot av regionale kulturmidlar har vore lyst ut på nettsida til Hardangerrådet, i alle kommunane og delt i sosiale medier via kulturnettverket.
Det var 6 søknader.

1. Saker innmeldt ved starten av møtet – Vert drøfta under sak 4 ymse.

Ingen saker melde ved møtestart

2. Regionalt kulturfond Hardanger. Tildeling av utlyste midlar.

Det var gode søknader som kom inn, og alle har gode formål. Diverre er det 2 søknader som ikkje møtte krav til søknad, og får derfor stønad denne gongen.

Vedtak:

Tildeling Regionalt kulturfond Hardanger 2022:

Navn på søknad	Sum søknad	Tilsagn
1. Kunsthuset Messen	50000	25000
2. Fjorden var vegen	100000	80000
3. Reidun Horvei	10000	5000
4. Harding Puls	50000	0
5. Skautfelling	50000	40000
6. Kjøp av Epos	150000	0

Totalt	410000	150000
--------	--------	--------

3. Kva skjer i Kultursektoren i Hardangerkommunane

De var ein god prat rundt bordet om ulike tema. Ei dialog gjekk på kor mykje ulike festivalar og prosjekt vert støtta med, og kva fond eventuelt pengane kjem frå.

I **Ullensvang** kommune har dei ei "fyrtårnsatsing " dvs spesielle festivalar og arrangement får ekstra støtte og fokus. Gjeld f.eks Litteratursymposiumet (250 000), Hardanger Musikkfest(250 000)

1,3 millionar er fast overføring til Kraftmuseet. Hardanger og Voss Museum har lågare bidrag.

I **Kvam** får nokon årlege tilskot: F. eks Bygdalarm (65 000); Hardingtonar (60 000); Kinkdagane (10 000)

I **Ulvik** er store arrangement og satsingar overført frå næringsfondet: Poesifestivalen (400 000); Sommarfestival (25 000); Kvemmadokkje (10 000); Rallarmuseet på Finse(15 000) Av prosjekt kan nemnast: Lyden av Ulvik (20 000); Katarina Kølle damene (100 000)

I **Eidfjord** er kulturtilskotet i år på 247 000 til lokale lag og festivalar. Dei store, som Xtreme Eidfjord og Norseman er sjølvgåande. Kommunen støttar mykje til løypekjøring og skisenteret på Maurset.

Fast overføring til Hardanger og Voss Museum er på 10 000.

Nytt er midlar direkte til aktivitet og arrangement for ungdom. Ungdområdet har saman bestemt å avstå frå auke i eiga møtegodtgjersle, som tilsvarar årleg 100 000 til felles føremål.

Det er interessant å finna ut kor kulturell aktivitet og festivalar høyrer heime - ofte både næring og kultur. Får kultur nok støtte frå næringsfonda? F.eks Internasjonal Siderfestival i Odda - er meir næring enn kultur.

Mange ordningar, avtalar og rettningslinjer er modne for gjennomgang i Kvam, noko dei planlegg å setja på dagorden.

Kultur og ungdom - kva er grensesnittet her?

Korleis er ståa for f.eks tilgang på ungdomsklubb både i vekene og i helgane. Veldig viktig for samahald og å ha noko å gjere på saman. Er det noko kulturådet kan drøfta saman med ungdomsråda og regionrådet?

Eidfjord/Kinsarvik 18.10.2022

Medlemmer
Hardanger Kulturråd

Trude L. Rinaldo
Sekretær